


ÅRSPROGNOSE



MOMENT OG KOMMENTARAR IFT AVDELINGSPROGNOSE

<b>KOSTNADAR</b>
Det er høgt fokus på kostnadskontroll i avdelinga. Både på tal på tilsette og på driftskostnader. Det er venta kostnadsreduksjonar som fører til mindreforbruk både på lønns- og driftssida i 2015. Fleire av desse heng saman med budsjettmåla til avdelinga. Innanfor rammene av HFK sine overordna strategiar er det venta vidare effektivisering. Sentralt står også bruk av businesscase og gevinstrealisering. Totalt for den økonomi- organisasjonsavdelinga vert det budsjettmessige overskuddet på kostnadssida i 2015 anslått til å verte 2,5 mill. Personalforsikringar vert betalt ein gang i året, og skapar midlertidig avvik på kostnadssida.
<b>INNTEKTER</b>
Det er venta eit lite overskudd også på inntektsida. Hovudsakleg grunna eit høgare inntektsnivå enn det som vart lagt til grunn i budsjettet. Blant anna eit tilsagn om midlar frå KS til leiarutvikling. I tillegg er det venta noko meir refusjonsinntekter enn det ein tok høgde for i budsjettet. Prognosen for inntektsida vert difor eit lite overskot; 0,5 mill.
<b>KOMMENTARFELT PROGNOSE:</b>
Det er samla sett gode rekneskapstal for den avdelinga. Det er ein del budsjettmessige overskot og underskot på artsnivå fleire stadar i rekneskapen. Dette gjeld blant anna for rettetstillingar, attføring, omstilling og lærlingplassar. Samla sett er det god budsjettkontroll. Årsprognosen for den nye avdelinga er eit overskot på 3 mill. Ein forutsetning for denne prognosen er at midlar som avdelinga har i budsjettet til omstilling vert brukt opp. Om ikkje vert overskote endå høgare.

MÅLOPPNÅING 1. TERTIAL 2016


Budsjettmål	Tiltak/ Indikatorar 2016	Pr april	Prognose 2016
1 Sikre sunn og bærekraftig økonomi.	Netto driftsresultat på 1% i 2016.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	Netto gjeldsgrad på 111% i 2016.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
2 Rekruttere/utvikle rett kompetanse.	Medarbeidertilfredsheit på 32% i 2016.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	38% av tilsette vil anbefale HFK som arbeidsgiver.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	95% Nærvær i HFK i 2016.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	94 mill. kr. i sjukelønsrefusjon.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	90% andel tilsette med registrert CV.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
3 Modernisere og effektivisere HFK.	10 % reduksjon portoutgifter.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	5 tenester på nett integrert med ma. Ephorte.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
4 Sikre bruk av effektive avtalar.	1 system som nyttar elektronisk utsending.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	35% Bruk av FINS - beløp. 81% kjøp innan avtale.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
5 Styrke omdømmes til HFK og ha god informasjonsflyt.	85% andel efaktura.	Ligg godt an pt.	Ja, vil oppnå mål.
	På topp 10 - tilfredsheit journalistar.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	45% / 5,5 på NOR PR si omdømmemåling.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	Auka brukartilfredsheit hordaland.no	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	Brukartilfredsheit folkevalde; min. score 4.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
<b>KOMMENTARFELT BUDSJETTMÅL:</b>			
Over er dei vedtekte budsjettmåla til økonomi- og organisasjonsavdelinga for 2016. Mange mål som samla sett vil bidra til den overordna strategien til HFK. Som tabellen syner er målsetjingane vurdert som oppnåelige, og at det samla for alle måla er venta at ein vil oppnå dei aller aller fleste i løpet av året. Det er å bemerka at rapporteringa ned på målsetjing og tiltak ikkje kjem i denne rapporteringa, men at ein kjem tilbake med status for kvart tiltak og målsetjing ved rapportering pr. 2. tertial. Mål om efaktura- andel er nesten nådd pr. 1. tertial.			

RISIKOVURDERING

FAKTORAR/ HENDINGAR	SANNSYNLIGHET	ØKONOMISK KONSEKVENNS
1 Vakansar	Moderat	Lite positivt budavvik.
2 Refusjonar/ tap	Moderat	Middels negativt budavvik.
3 Omstillingsmidlar/ Ubrukte	Moderat	Større positivt budavvik.
4 Eksterne konsulentkjøp	Stor	Lite negativt budavvik.
5		

## FORBRUK REISEVERKSEMD / 2016 vs. 2015

\ (1000. kr.)



### MERKNAD REISEVERKSEMD:

I reiseverksemd ligg forbruk til bilgodtgjerdse (art 11600), kostgodtgjerdse (art 11610), administrativ forpleining (art 11620), andre reiseutgifter (art 11630) og reiseutgifter (art 11700). Desse kostnadane er samla ein viktig KPI for HFK i 2016. Økonomi- og organisasjonsavdelinga har omlag same forbruk på dette området hittill i år samanlikna med samme tidspunkt i 2015.